

Melding frå Kongen til Stortinget om Norges rikes tilstand og styring i tida etter siste meldinga.

Vi Haakon, Norges Konge,

gjer kunnigt:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gi melding til Stortinget om tilstandet i riket og om styringa i 1932:

Millom Norge og Sambandsstatane og millom Norge og Tyskland er det ved noteskifte gjort avtalar om gjensidig tollfridom for utsende konsular.

Det er gjort ein millombils handelsavtale med Brasil.

Handelstraktaten millom Norge og Finland har teke til å gjelda.

Med Salvador er det gjort ein millombils handelsavtale.

Venskaps-, handels- og konsulartraktat millom Norge og Sambandsstatane har òg vorte ratifisert frå amerikansk side og ratifikasjonsdokumenta er skifte i Washington 13 september 1932. Traktaten tok til å gjelda same dagen.

Ratifikasjonsdokumenta om venskaps-, handels- og sjøfartstraktat millom Norge og Persia vart skifte i Moskva 4 oktober 1932 og traktaten tok til å gjelda same dagen.

Millom Norge og Austerrike er det gjort ein kompensasjonsavtale for å letta varebyttet millom dei to landa. Avtalen tok til å gjelda 1 oktober 1932.

New Zealand har sagt op handels- og sjøfartstraktaten millom Norge og Storbritannia frå 18 mars 1826. Traktaten vil slutta å gjelda med New Zealand 15 april 1933. Ein vil snarast råd er byrja tingingar om ein ny handels- og sjøfartsavtale.

Konvensjon millom Norge, Danmark,

Finland, Island og Sverige frå 16 mars 1932 om godkjenning og fullføring av domar er ratifisert ved kongeleg resolusjon 30 juni 1932 etter at Stortinget hadde godteke han. Ratifikasjonene er enno ikkje deponerte og konvensjonen har derfor ikkje teke til å gjelda enno.

Norge har ratifisert avtalane med Bulgaria og med Luxembourg om forlik, skilddom og rettsavgjerd, den ålmenne semja om å utvikla midlane mot krig, protokollen om forbod mot å bruka kjøvande, giftige eller liknande gasslag og bakteriologiske midlar i krig, den internasjonale semja om regulering av kvalfangsten, dei internasjonale avtalar om lastelinor og om trygding til sjøs og dei internasjonale veksels- og checkrettsavtalar.

Det er i gang tingingar om forliks- og skilddomsavtalar og om utleveringsavtalar med fleire land.

Som medlem av Folkesambandsrådet er Norge representert i ei lang rad med komitear, millom anna ein rådskomite til å fyrbu den økonomisk-finansielle verdskonferansen. Ein nordmann har òg sete i den ekspertkomiteen som skal arbeida ut arbeidsprogram m. m. for konferansen.

Norge har vore representert på Folkesambandets 13de ordinære Forsamling, på Folkesambandets ekstraordinære Forsamling til å drøfta den austasiatiske konflikten, på Folkesambandsrådets 66de, 67de, 68de og 69de møte, og på den 16de internasjonale arbeidskonferansen i Genf.

Norge har vore representert på den ålmenne nedrustningskonferansen; 1ste se-

sjonen vara frå 2 februar til 24 juli 1932. Konferansen skal truleg møtast att fyrst på året 1933.

Norge skal bli representert på den økonomisk-finansielle verdskonferansen som truleg vil koma saman i London i 1ste halvåret 1933.

Norge har slutta seg til dei konvensjonane som vart vedtekne på dei internasjonale arbeidskonferansane i 1929 og 1930 om merking av vekt på tunge kolli som vert frakta med farty, og om tvangsarbeid for innfødde.

På grunn av den vanskelege stoda åt statsbudgettet har riksstyret vedteke ikkje å setja fram nokon proposisjon for Stortinget om offisiell deltaking for Norge i verdstutstillinga i Chicago 1933. Derimot vil det koma ein proposisjon om ein statsgaranti på op til kr. 15 000 for skuleskipet «Sørlandet» som vil gjera ei ferd til utstillinga. Ferda får dermed ein offisiell stempel.

1607 kandidatar har teke studenteksamen i 1932.

Ved Universitetet har i same år fylgjande tal kandidatar teke embetseksamen: 30 teologisk, 219 juridisk, 101 medisinsk, 70 språkleg-historisk, 50 matematisk-naturvitskapleg. Dessutan har 12 kandidatar teke statsøkonomisk eksamen og 2 aktuar-eksamen. Ved Menighetsfakultetet tok 71 embetseksamen.

Den tekniske høgskulen tok i same året op 153 studentar, av desse 16 i arkitektavdelinga, ingen i bergavdelinga, 42 i bygningsinsjenioravdelinga, 30 i den elektrotekniske avdelinga, 25 i kjemiavdelinga og 40 i maskinavdelinga.

Det vart uteksaminert 118 kandidatar: 10 arkitektar, ingen berginsjeniorar, 31 bygningsinsjeniorar, 22 elektroinsjeniorar, 26 kjemiinsjeniorar, 28 maskininsjeniorar og ein kandidat på lina for teknisk fysikk.

I samhøve med vedtak 19 mai 1932 vart det ved kongeleg resolusjon 15 juni 1932 vedteke å ratifisera dei internasjonale avtalane om eins lovgjeving om vekslar frå

7 juni 1930, og om checklovgjeving frå 19 mars 1931. Dei norske ratifikasjonsdokumenta vart deponert i Folkesambandets sekretariat 27 juli 1932. Då det enno ikkje ligg fyre so mange ratifikasjonar som det trengst, har konvensjonane enno ikkje teke til å gjelda. Dei nye norske veksel- og checklovene som fylgjer av desse konvensjonane, er sette i kraft frå 1 november 1932 samstundes med tilsvarande lover i Danmark, Finland, Island og Sverige.

Talet på ikkje pådømde saker som stod for Høgsterett 1 januar 1932 var 711. Av dei var 32 straffesaker og 679 borgarlege. Den 1 januar 1933 var talet 609, av dei 25 straffesaker og 584 borgarlege saker.

Det er i gang gjeldstingingar, dels gjennom vedkomande gjeldsmeklingsnemnd og dels gjennom departementet, for mange kommunar og nokre interkommunale kraftlag. For sume av dei kann ein venta å få i stand ei ordning i nærmaste framtid.

Det er dessutan sume kommunar som treng gjeldsordning og for den skuld har vendt seg til departementet utan at det for tida er noko grunnlag for ei ordning.

I 1932 er det kome til endeleg eller millombils ordning for 20 kommunar og 1 interkommunalt kraftlag.

Ved Småbruk- og husbanken er det i 1932 — for hovudsetet pr. 31 desember og for lånekontora pr. 30 november — betalt ut pantelån etter lov av 4 juli 1925 med seinare brigde i lov om småbruk- og huslån, soleis:

Nybrotslån 4 pst.	kr. 2 098 500
Brukslån A 4 ¹ / ₂ pst.	» 540 800
Brukslån B 4 ¹ / ₂ pst.	» 8 600
Brukslån B 5 pst.	» 1 000
Huslån A 4 ¹ / ₂ pst.	» 6 240 400
Huslån B 5 pst.	» 13 000
Huslån A 4 ¹ / ₂ pst. utan kom-	
munegaranti	» 407 400
Huslån A, 3 pst. i Finnmark	» 139 800
Lån til kommunar etter kap. 3	
i lova	» 8 150

Kr. 9 457 650

Banken har ikkje teke op noko nytt serielån i 1932.

Folketalet i riket var ved utgangen av 1931 2 831 267, og ein kann ved utgangen av 1932 truleg rekna det til 2 847 700.

Den oversjøiske utvandringa har vore svært lita i 1932. I månadene januar–november fór i alt 460 (fyrebils tal) frå landet mot 815 i same tidbolken i 1931 og 3 623 i 1930. I dei 3 fyrste kvartala 1932 reiste 295 til Sambandsstatane og 47 til Kanada. Dei tilsvarande tala for same tidbolken i 1931 var 616 og 52. I heile 1931 reiste i alt 825 frå landet, av desse 708 til Sambandsstatane og 62 til Kanada.

Etter fyrebils oppgavor er det i 1932 fleire giftarmål enn året før. Talet på vigde var i dei 3 fyrste kvartala av 1932 11 831 mot 11 458 i same tidbolken i 1931. I same tidbolken vart det i 1932 født 35 090 levande born, og det døydde 22 547. Dei tilsvarande tala for 1931 var 35 607 og 22 975. Talet på både fødsjar og dødsfall har altso gått noko ned samanlikna med dei tilsvarande kvartal 1931. Overskotet av fødte vert i dei 3 fyrste kvartal av 1932 12 543 mot 12 632 i 1931.

Frå hausten 1930 vart det eit omslag i arbeidstilhøva, arbeidsløysa, som hadde betra seg i 1928 og 1929, tok atter til å stiga. Stiginga heldt fram i 1931; men det som fyrst og fremst set sitt merke på arbeidsmarknaden i 1932, er den store og langvarige arbeidskonflikten, som valda ei unormal utvikling i arbeidstilhøva. Jamfører ein tala over arbeidsløysa for hausten 1931 — etter konflikten — med året før, syner likevel dei fleste faga ei sterk stiging i arbeidsløysa. Denne arbeidsløysa heldt fram i 1932, slik at stoda på arbeidsmarknaden no ser ut til å vera verre enn noko år før.

Totalprosenten av arbeidslause i 10 større faglag og prosenten serskilt for jarn- og metallarbeidarar og bygningsarbeidarar syner desse tala for januar og oktober 1930, 1931 og 1932:

	10 fag.	Jarn- og metallarb.	Bygningsfag.
1930. Januar . . .	19,0	12,1	33,2
» Oktober . . .	18,0	18,5	24,2
1931. Januar . . .	26,3	20,5	38,7
» Oktober . . .	19,6	20,0	23,9
1932. Januar . . .	30,4	26,1	42,2
» Oktober . . .	—	33,0	40,1

Dei andre kvartala er det vanskeleg å jamføra på grunn av storkonflikten i 1931.

Både januar- og oktobertala syner at stoda er mykje verre enn ho var året før. Oktobertala for 1931 kann likevel i nokon mun vera ei fylgje av etterverknadene etter konflikten.

Etter situasjonsmeldingane frå arbeidsløysinspektoratet var overskotet av arbeidssøkjande kvinner og menn pr. 15 kvar månad:

	1931	1932
Januar	28 596	34 636
Februar	29 107	37 796
Mars	29 095	38 356
April	28 477	36 993
Mai	25 206	31 504
Juni	22 736	27 752
Juli	20 869	25 750
August	22 431	27 033
September	27 012	30 963
Oktober	29 340	34 810
November	32 078	38 807

Desse tala som dekkjer eit mykje større område enn faglagsprosentane, gjev det same inntrykk av at stoda var verre i 1932 enn året før.

Av større arbeidskonfliktar har det i 1932 vore få. Av dei viktigaste er konflikten ved veganlegga åt staten, som vara frå 23 april til 1 august og omfata vegarbeidarar og vegvaktarar i 7 fylke. Dessutan må ein nemna framhaldet av den langvarige Randsfjordkonflikten som har kome opp på grunn av kravet frå Skog- og Landarbeidarforbundet om avtalar for skogsdrift og floting i Randsfjordvassdraget med tverrelvar. Denne konflikten er enno ikkje løyst.

Lønningane har jamt over vore dei same

gjenom 1932. Tariffrevisjonen etter stor-konflikten fastsette for dei fleste faga at løningane skulde stå til 1934 med høve til regulering i januar 1933 på grunnlag av indekstalet for desember 1932. I papirindustrialen skulde avtalen ha gått ut i 1932, men tariffen er forlenga 1 år. Den elektrokjemiske industrien, der indeksreguleringa i 1931 vart utsett, forandra utløpstida og reguleringsfyresegnene i tariffen i samsvar med avtalane for dei andre faga. I sume kommunale tariffar vart det likevel i 1932 fastsett mindre lønsreduksjonar, sameleis i dei nye tariffane for skogsdrift og floting.

Det har vore lita rørsle i prisnivået siste året. Engrosprisindekstalet som i desember 1931 var 122, er for desember 1932 123. Det var noko fall i vårmånadene, so indekstalet kom ned i 120, men frå juni har det vore noko stiging att. Ser ein serskilt på innførslevarar og innanlandske varor, syner innførslevarone ei stiging på 6 poeng frå desember 1931 til desember 1932, medan dei innanlandske varone ligg 2 poeng lågare no enn i 1931. Jamført med 1931 ligg prisane hos oss framleis høgare enn i grannelanda våre. I Sverige ligg engrosprisnivået på 110, i England på 102 og i Danmark på 118.

Dei utrekna samla levekostnader har halde seg mest ubrigda det siste året å segja. Frå september 1931 har hovudindekstalet vore ubrigda 150, og frå mai til og med november ubrigda 149.

I matvareprisane har det vore litt meir rørsle. Indekstalet for matvaror som i november og desember 1931 var 136, gjekk ned til 135 for januar, heldt seg ubrigda i februar og mars, gjekk litt ned i april og mai — til 133 — og har so svinga millom 133 og 134.

Helsetilstandet har i 1932 jamt over vore godt. På Austlandet har det vore mykje utbreidde farangar av meslingar med serleg mange tilfelle i april—juni. Kikhosten har det vore mange fleire tilfelle av enn året før. Vidare kann ein nemna at det i juli—september er meldt etter måten mange tilfelle av poliomyelit frå bygdene på Austlandet, serleg frå Opland fylke.

Elles har det ikkje vore større med epidemiske sjukdomar etter meldingane frå lækjarane i 1932.

Sidan fyrre meldinga er det gjeve stadfesting på 127 stiftelser eller legat med samla kapital kr. 7 291 835,68.

I samanlikning med 1931 har verdet av innførsla gått sterkt ned i 1932, medan utførsleverdet har stige. Innførsleverdet er for dei 11 fyrste månadene 631,4 mill. kr. mot 779,4 mill. kr. i same tid i 1931 og utførsleverdet 505,7 og 415,7 mill. kr. Størst nedgang viser innførsla av skip som i 1932 berre var 19,5 mill. kr. mot 143,4 mill. kr. 1931. Resten av innførsla har gått lite ned, men innførsla var ogso i 1931 noko mindre enn normalt på grunn av den lange arbeidskonflikten.

Når utførsla har gått så sterkt op frå 1931 har det si årsak i at utførsla var unormal det året på grunn av arbeidskonflikten. Samanlikna med 1930 har òg utførsla gått ned, men ikkje med meir enn omlag 9 pst., når ein held salet av den lagra kvaloljen utanfor.

Utførsla har alt i alt halde seg godt oppe samanlikna med mange andre land.

Underskotet i handelsbalansen i 1932 er mykje mindre enn åra før, og inntekta av skipsfarten er truleg mykje større enn underskotet på handelsbalansen. Betalingsbalansen er truleg nærmare balanse enn på lange tider.

Den norske handelsfloten har i 1932 for fyrste gong i dei siste 10 åra havt ein nedgang i den samla tonnasje. Etter oppgåve frå sjøfartskontoret var handelsfloten 1 januar 1933 4 025 skip på i alt 4 189 000 brutto reg. tonn, mot 4 001 skip på 4 223 000 brutto reg. tonn 1 januar 1932. Floten har soleis i 1932 havt ein nedgang på 34 000 bruttotonn eller 0,8 pst. På den eine sida har det kome til 84 000 bruttotonn for det meste nybygd tonnasje innkjøpt frå utlandet, medan det på den andre sida er ein frågang på 122 000 bruttotonn, og det er helst eldre skip men òg noko av nye skip som er selde til utlandet.

For skipsferdsla har 1932 vore eit sers

vanskeleg år, då fraktene har falle endå meir. Fyrst på året auka derfor skipsoplegget. Frampå hausten har det likevel vore noko større tilgang på last i sume farvatn. Mange av dei oplagte skipa har derfor kunna setjast i fart att, og ved årsskiftet er det færre norske skip oplagt enn ved fyrre årsskiftet. Alt i alt må ein rekna med at dei optente fraktpengane er mindre enn i 1931. Ein kann som eit overslag rekna med at bruttofraktene har kome op i omlag 350 mill. kr. mot 364 mill. kr. 1931.

Fiskeria har i 1932 — set under eitt — gitt ein større mengd enn i året før, men noko mindre enn i 1929 og 1930. Då prisane jamt over har vore lågare, har likevel verdivinsten vore mindre, nemleg ikring 53 mill. kr. mot 60 mill. kr. i 1931 og 76,5 mill. kr. i 1930

Torskfiska gav ein betre mengd enn i 1931. I alt vart det fiska 49,5 mill. fisk mot 40 mill. i 1931.

Stor- og vårsildfisket gav ogso ein betre fangstvinst enn året før. Samla mengd var 3,5 mill. hl mot 3 mill. hl i 1931.

Av dei andre fiskeria var sildefisket ved Island noko dårlegare i 1932 enn i 1931. Feitsild- og småsildfisket var derimot mykje betre enn i 1931 og brislingfisket var uvanleg godt.

I sesongen 1931—32 var det ingen kvalfangst i Sudishavet frå norsk side.

Industrien har i 1932 havt vanskeleg for å få avhenda produkta sine, men trass i det har produksjonen halde seg etter måten godt oppe i mange bransjar. Stiginga i valutakursen har i nokon mun hjelpt på verksemda endå om kursstiginga har mindre å segja for eksportindustrien, då prisane rekna i gull har falle. Innan heimeindustrien og handverket har fleire greiner havt fyremuner av det aukande valutavernet.

Produksjonsmengda har i 1932 vore større enn i 1931. Men det året var sterkt påverka av den lange arbeidsstoggen i fleire viktige industrigreiner. Samanlikna med toppåret 1930 har produksjonsmengda gått ned, men nedgangen er ikkje stor i fleire

greiner. For dei tre første kvartala var soleis utførslemengda av industrivaror i 1932 berre 7 pst. mindre enn i 1930. Det viser seg òg at det heller ikkje har vore større nedgang i innførsla av råvaror. Frå 1930 til 1932 var fallet for dei første tre kvartala berre 4 pst.

Ser ein på dei enkelte industrigreinene er utviklinga noko ujamn. For dei fleste er det nedgang frå 1930. Serleg gjeld det treindustrien og gruvedrifta. Den elektrokjemiske og elektrometallurgiske industrien har ogso minka. Derimot har papirmasse- og papirindustrien mest halde seg på 1930-nivået. Endå betre har det gått med tekstilindustrien. Innførsla av ull og bomull er auka frå 4,2 tusen tonn i 1931 til 4,6 tusen tonn i 1932. For garn har dei tilsvarande tala vore 4,5 og 5,8. På same tid har innførsla av ferdige varor gått sterkt ned.

I skotyindustrien tyder ein nedgang i arbeidsløyseprosenten på 14,4 i januar til 5,2 i oktober på at verksemda har vore stigande.

Verkstadindustrien har havt eit sers dårleg år. Det har vore lite arbeid og produksjonen sterkt minka.

Posttrafikken har ingen framgang havt på grunn av den økonomiske depresjonen som held seg.

Telegraf- og telefondrifta har i det heile gått som året før. Både ved telegraf og telefon er det noko nedgang på grunn av den ålmenne depresjonen i næringslivet. Ved dei lokale telefonanlegga har det likevel vore nokon auke i talet på abonnentar og i den lokale telefontrafikken millom abonnentane.

Den innanlandske dampskibsferdsla med statstilskot har framleis arbeidt tungt, då fraktinntektene på grunn av den ålmenne depresjonen har gått ned endå meir. Billettprisane på hurtigrutone er sette ned og det har òg vore nokor fraktnedsetjing for ein del spesielle vareslag.

Turist- og reisetrafikken syner nokon framgang. «Landslaget for Reiselivet i Norge» reknar med ei samla inntekt på ikring 30 mill. kr. mot ikring 28,5 mill. i 1931.

Året 1932 vart jamt over eit godt år for jordbruket, då alle vokstrar utan høyet har gitt over middels avling i mengd. Reknar ein òg med den gode kvaliteten åt avlingane blir året eit av dei beste jordbruksår ein har havt.

Prisane på jordbruksvaror har i 1932 vore i nedgang for dei fleste produkt, men nedgangen er noko mindre enn dei to åra før. Størst er nedgangen for kjøt.

Nydyrking med statsstønad aukar jamt for kvart år. Både nydyrkingsvidda og talet på tilskot til uthus er derfor større i 1932 enn nokon gong før.

I siste året er det med beinveges tilskot og lån av Jorddyrkingsfondet nydyrka omlag 80 000 dekar og grøfta omlag 56 000 dekar før dyrka men vass-sjuk jord, og det er gitt tilskot til omlag 800 uthus på nye bruk.

Skogbruket arbeider framleis under svært vanskelege kår. Tilhøva på verdsmarknaden har ført med seg at avsetnaden og prisane på skogsprodukt har vore dårlegare enn nokon gong. Hogsten siste året måtte av den grunn setjast ned på sume stader til mykje under halvparten av eit normalt år. Det førde med seg stor arbeidsløyse, minimale inntekter og økonomiske vanskar både for skogeigarar, skogsarbeidarar og vedkomande kommune. Importreguleringa for trelast, som for stutt tid sidan vart utvida, til å gjelda kryssfinér og møbelplator òg, har hjelpt mykje til å tryggja heimemarknaden for norsk skogbruk. Utan trelastimport-reguleringa vilde heimemarknaden — so abnorme som pris-tilhøva er no — truleg for det meste ha vore tapt for skogbruket vårt.

Den innanlandske kornhausten i året 1931 var serleg dårleg kvalitativt set. Derfor var både det kvantum som vart selt til staten og det kvantum som det vart betalt prisavslag for, mindre enn normalt. Det vart soleis berre innkjøpt 11 600 tonn norskavla korn. I prisavslag vart det betalt for bortimot 123 000 tonn korn 4,5 mill. kr. Av avlinga for 1932 var det pr. 10 desember 1932 kjøpt 48 500 tonn korn og i prisavslag

til utgangen av november utbetalt bortimot 1,5 mill. kr. Statens kornforretning har i året 1932 innført 371 000 tonn utanlandsk korn (kornverdi). Kornprisane steig på verdsmarknaden fyrst på året, men har sidan med sume avbrot synt nedgang og var på lågmålet i desember. Valutatilhøva har likevel verka soleis at nedgangen ikkje har gjort seg gjeldande på den norske marknaden. Utsalsprisen som vart auka 8 januar for mange mjøltyper, har vore ubrigda resten av året.

Husdyra har vore jamt friske. Vondarta katarrfeber hos storfe er ved kongeleg resolusjon frå 1 januar 1932 overført frå dei vondarta til dei mildare smittsame sjukdomane.

Ein har òg i 1932 vore fri for munn- og klauvsykja som har synt seg i grannelanda. Kampen mot den smittsame anemi hos hesten synest framleis å gi dei beste resultat. Då denne sjukdomen går i Nord-Finland no og det kann vera fåre for overføring til Finnmark, er det sett forbod mot hestetraffikk over grensa mot Finland.

Det er gitt reglar om kontroll med utførsle av ferskt kjøt (slaktekjøt) frå Norge til Sverige.

Dei økonomiske tilhøva i jordbruk og skogbruk blir verre og verre.

Det er i 1932 gjennomført fleire tiltak til å døyva krise noko for desse næringane. Soleis har ein prøvd å hindra den øydeleggende tevlinga som det er på sume område med importregulering og skjerpa importkontroll. Samstundes har ein freista fremja både eksporten og den innanlandske avsetnaden. Organisasjonsarbeidet til fremjing av omsetnaden har fått stødnad på ymse måtar m. a. ved lovvedtak.

Samanbrotet på verdsmarknaden har likevel drege meir nedover enn hjelpeaksjonane har kunna dra oppover. Serleg gjeld det i skogbruket. I jordbruket har det våre lukkast å bremsa noko på prisnedgangen, men slik gjelds- og skattetilhøva er no, har jordbruket vanskeleg for å greida seg.

Det vil bli lagt fram for Stortinget framlegg til ny lov om reindrift.

Ved Landbrukshøgskulen vart det teke op i alt 34 studerande, av desse 27 i jordbruksavdelinga og 7 i meieriavdelinga. Det vart uteksaminert 1 hagebrukskandidat, 14 landbrukskandidatar, 3 meierikandidatar, 20 skogbrukskandidatar og 1 utskiftningskandidat.

Arbeidsdrifta ved dei jarnbaneanlegga og veg-, vassbyggnings- og reguleringsarbeida som Stortinget har løyvt pengar til, har gått for seg stort set i samsvar med planane og i det omfanget pengeløyvingane har gitt høve til det.

Det har ogso i 1932 vore sett igang naudarbeid til å avhjelpa arbeidsløysa som no rår. Slike arbeid har det vore i dei fleste fylke i landet. På Sørlandsbana vestanfor Kristiansand held arbeidet fram for pengemidlar som ein har til rådvelde av distriktstilskota som Oslo, Stavanger og Sandnes og dessutan Rogaland fylke har vedteke til Sørlandsbane-anlegget.

Ombyggningsarbeida ved Bergen—Vossebana er stort set ferdige i 1932, og Kristiansund by og distrikta ikring har ved veg og ferje fått fyrebils samband med vegnetet i landet elles.

Dei jarnbanone som var opna for ordinar drift pr. 30 juni 1932, hadde ei samla lengd av 3873 km, av det var 3505 km statsbanor og 368 km privatbanor.

Inntektene av statsbane-drifta var siste driftsåret kr. 67 382 753,85 mot budsjettert kr. 80 364 800. Utgiftene var kr. 78 513 823,02 mot budsjettert kr. 82 347 400.

Trygdesummen for dei bygningar som er trygda i Norges Brandkasse er i 1932 gått ned med på lag 30 mill. kr., og er 1 januar 1933 truleg ikring 5 365 mill. kr. ialt. Brandskadane i 1932 som ein har kjennskap til, til dessar, har ført eit tap på byggningsavdelinga på ikring 6 350 000 kr.

Brandkontingenten i 1932 reknar ein med ca. 9 950 000 kr. mot 10 194 000 kr. i 1931.

Reservefondet til avdelinga, som ved utgangen av 1931 var på 11 113 000 kr., er ved utgangen av 1932 på 12 000 000 kr., reknar ein med.

Dessutan har avdelinga eit katastrofefond på 2 840 000 kr., eit eldsikringsfond på 430 000 kr. og eit avslagsfond på 265 000 kr.

Lausøyreavdelinga hadde fyrst i 1932 trygdingar til ein samla sum av ikring 439 mill.; denne trygdesummen har i året stige til ikring 445 mill. kr. Kontingenten i 1932 var ialt kr. 946 060. Etter dei brandskadane ein kjenner til, til dessar, har avdelinga i 1932 hatt eit brandtap på kr. 585 000.

Tollintradene i riket og laste- og fyravgifta var for budsjett-terminen 1931—32 sett til kr. 102 000 000 og kr. 3 500 000. Den 13 januar 1932 gjorde Stortinget vedtak om å auka tollen fyrebils (heri medrekna tidlegare tillegg) med 15 pst. for kaffi og sukker og 20 pst. for andre varor, med nokre undantak som vart nemnde særskilt. Ein hadde rekna med at dette tillegget skulde gi ei meirinntekt på omlag 9 mill. kr. for resten av budsjett-terminen. Etter rekneskapen har det gjennom tollintradene og laste- og fyravgifta for budsjett-terminen 1931—32 (med frådrag for utbetalt tollgodtgjersle i samhøve med tolltariffens § 13 m. v.) kome inn kr. 103 517 907,01 og kr. 3 056 370,57.

Ved mynten på Kongsberg er det i 1932 mynta ut for statskassa ialt kr. 80 000 i ny skiljemynt.

Hypotekbanken har i 1932 betalt ut nye pantelån soleis:

ved hovudsetet pr. ³¹ / ₁₂	kr. 9 987 500
» Bergens lånekontor pr. ³⁰ / ₁₁	» 1 120 300
» Trondheims — » ³⁰ / ₁₁	» 928 700
» Tromsø — » ³⁰ / ₁₁	» 1 069 300
	<u>Kr. 13 105 800</u>

I 1932 har banken ferda ut ein ny obligasjons-serie på kr. 25 000 000; av det er i 1932 selt kr. 4 675 000.

Statsgjelda var, når ein reknar om dei utanlandska låna til pari kurs, pr. 30 juni 1931 kr. 1 518 053 338 og pr. 30 juni 1932 kr. 1 526 049 644, altså ei stiging i budsjett-terminen 1931—32 på kr. 7 996 306. På dei faste utan- og innanlandske statslåna er betalt kr. 19 915 732 i avdrag, medan på den andre sida den millombils gjelda har auka med kr. 27 912 038.

Statsrekneskapen for budsjett-terminen 1931—32 syner eit rekneskaps-underskot på omlag kr. 35 473 000.

I 1932 vart det halde våpenøvingar etter stortingsvedtaket 14 april 1932.

Floten har havt tokter og øvingar i

1932 i samsvar med dei løyvingar som er gitt.

Depotskipet «Kong Sverre» og kanonbåten «Æger» er utransjert.

«Fridtjof Nansen» og «Michael Sars» har havt fiskeoppsynet i Finnmark.

«Fridtjof Nansen» har òg vore to turar til Kvitsjøen for å hjelpa norske selfangarar, og har frå midten av juli til først i september gjort teneste som hjelpeskip for norske fiskarar under Islands-fisket.

Under øvingane i sumar var panserskipet «Tordenskjold» innom Cherbourg, Belfast og Kirkwall.

Alle andre tokter og øvingar var innanfor riksgrensone.

Gitt på Oslo slott 6 januar 1933.

Under Vår hand og riksséglet

Haakon

(L. S.)

J. Hundseid

B. Rolsted